

Mental Helse Radøy og Austrheim

ÅRSMELDING 2014

Handlingsplanen for laget tar utgangspunkt i at me skal ha som mål/visjon at me skal jobba for eit best mogeleg liv for born og voksne med psykiske lidingar. Laget har derfor hatt fokus på at:

- medlemmer skal få konkrete tilbod/aktivitetar
- me skal vera eit talerør for brukarar
- ”vaktbikkje” – sjå til at det offetlege/kommunen legg til rette for fullverdige tilbod.

I handlingsplanen for 2014 satsa me opp ein god del konkrete tiltak basert på overnemnte. Deler av desse tiltaka har me lykkast med og deler av tiltaka har me ikkje fått til eller makta å starte opp.

DET VI HAR LYKKAST MED OG GJENNOMFØRT

Sommartur

Sommarturen/aktivitetsdagen i år gjekk Sætre grendahus den 11 juni. 17 personar var med. Her fekk me servert grillmat. Mange felles aktiviteter. Alle var samt om at det hadde vore ein vellukka tur og samling.

Julebord

Årets julebord vart halde 26.november, og som alltid på Hella Skulestove. Her fekk me god julemat, det var lagt opp til litt underhaldning av sangkoret “Kor e di andre”. I tillegg fekk me eit par spontane underhaldningsinnslag, noko som var veldig kjekt. I tillegg hadde me utlodding og ordførar Jon Askeland snakka om “hjardebarnet” sitt. Me fekk tilbakemeldingar på at dette hadde vore ein fin kveld. Tilsaman 50 påmelde.

Plan for psykisk helse

Torsdag 16.10. presenterte me organsiasjonen vår for plan om psykisk helse I Radøy kommunen.

UTFORDRINGAR SOM VI MÅ JOBBE VIDARE MED

Me har fått til mykje av det som stod i handlingsplanen. Dessverre har me også nokre punkt som me ikkje har makta å gje prioritet eller sloss for i 2014. Litt av årsaka til dette kjem av at medlemmar har begrensa kapasitet eller er overbelasta. I tillegg har det vist seg vanskeleg å kunne ta seg fri frå jobb.

Nye medlemmar

Me har ikkje klart å vere aktive nok til å verve nye medlemmar. Her har me utfordringar knytt til å bli synleg.

Støtte medlemmar som ynskjer å ta del i fritidstilbod

Me ynskjer å bidra til/ legge tilrette for at brukarar kan få delta i dei aktivitetane dei har interesse for, eller som dei tok del i før dei vart sjuk. Det brukaren ofte treng då er ein støttekontakt/ treningskontakt. Ein som er med dei slik at dei våger å gå tilbake til tidlegare aktivitetar.

Laget jobba med å finne slik løysingar og utan at det er styremedlemmer som skal stå for tilbodet.

Mental Helse Radøy og Austrheim

Vera med å prioritere tilbod i psykiatrien

Me hadde eit mål om å kunne få vere med på å påverke det tilbodet kommunane gjev, m.a. med å få vere med under utforming av budsjett. Det har vist seg at det er krevjande å komme i dialog med kommunane om dette, og slik som dette året har vore, har me ikkje hatt kapasitet til å stå på for å få det til.

Kurs og seminar

Målet om å sende styremedlemmar meir på kurs/seminar/foredrag har vore vanskeleg å få til. Den enkelte er avhengig av at laget kan gje kompensasjon for tapt arbeidsforteneste. Laget er her avhengig av at ein får avklart tidlegare på året kva ein får av støtte frå kommunane.

KVAR HAR ME VORE REPRESENTERT?

- Vi har hatt representantar i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne både i Radøy og Austrheim.
- Representant i Brukerrådet DPS Bjørgvin

STYRET OG LAGET

Me har hatt sju styremøter dette året.

Laget har pr. 31.12. 34 medlemmar, dette inkludert familiemedlemskap.

Linda Grindheim / leiar MHRA

Presentasjon

Regnskap MHRA 2014

Inngående ballanse kontant	kr	1 058,00
Inngående ballanse bank	kr	47 441,78
	kr	48 499,78

Inntekter:

Austrheim kommune	kr	-
Radøy kommune	kr	15 000,00
Mental Helse	kr	2 963,00
Tilskudd/støtte andre	kr	-
Renter	kr	99,00
Egenandel sosial aktivitet	kr	5 376,00
Egenandel arrangerte kurs	kr	-
Sum	kr	23 438,00 kr 23 438,00

Utgifter:

Kontor	kr	1 403,00
Sosial aktivitet	kr	28 267,00
Kurs	kr	-
Gebyr	kr	18,00
Kompensasjon for tapt lønn, diett, reiseutlegg		
Sum	kr	29 688,00 kr 29 688,00

Resultat (overskudd /ikke brukt - overføres til neste år) kr -6 250,00

Midler 31.12.14

Kontanter	kr	6 031,00
Bankkonto	kr	36 218,78 (kontrollsum)
Sum	kr	42 249,78 kr 42 249,78

Signatur styremedlemmar:


Linda Grindheim




Atle Utkilen



Geir Knudsen




Asbjørn Våge



Anna Sofia Mellingen



Revisor sin merknad:



Dato/Sign:

15.03.2015



HANDLINGSPLAN 2015 MENTAL HELSE RADØY OG AUSTRHEIM

Handlingsplanen for laget tar utgangspunkt i at vi skal ha som mål/visjon at vi skal jobba for eit best mogeleg liv for born og voksne med psykiske lidelsar. Laget har derfor hatt fokus på at:

- medlemmer skal få konkrete tilbod/aktivitetar
- vi skal vera eit talerør for brukarar

Sommartur

På lik linje med tidlegare år vil laget arrangere sommartur for medlemmar.

Julebord

Me vil fortsetta med det tradisjonelle julebordet også i år.

Samhandlingsreformen – Saman om mestring.

Me vil jobbe for å koma i dialog med kommunane knytt til samhandlingsreformen og innføring av denne innan psykisk helse. Vi vil vektlegge tilbod, forebyggjande tiltak og rehabilitering. Vi skal minimum vera høyringsinstans i kommunane.

Nye medlemmar

Vi må verta meir synlege. Ha innlegg i aviser og delta aktiv ved konkrete saker. Då er det mogeleg å få fleire medlemmer. Mål: Auke medlemstalet med 10 medlemmer.

Vera med å prioritere tilbod i psykiatrien

Me har som mål å påverke det tilbodet kommunane gjev til brukarar. Tiltak for å få til dette er å koma i dialog med kommunane før budsjetthandsaming. Vi skal minimum ha møte med psykiatritenesta både i Radøy og Austrheim.

Me vil jobbe for å få tilbake møteplass/ aktivitetshus for brukarar i Radøy kommune. Tilbodet må vera styrt i regi av kommunen. I Austrheim vil vi jobbe for å få tilbake møteplass for brukarar slik ein tidlegare hadde tilbodet på Aktivitetshuset.

Laget er opptatt av at det skal verta etablert eit brukarsenter i Nordhordland på brukarar og pårørande sine premisser. Dette bør lokaliserast i det planlagte Helsehuset.

Kurs og seminar

Målet om å sende styremedlemmar meir på konferansar/seminar.

I 2015 har vi som mål at alle styremedlemmar skal vera med på minimum eit seminar/ konferanse.

Me vil vidare jobbe for å gjennomføre eit foredrag lokalt. I år vil vi ha foredrag om endringar i trygd. I tillegg vil vi ha medlemsmøte med idemyldring.

Samhandling med andre lokallag.

I løpet av 2015 ynskjer me å ha ei samling med dei andre lokallaga. Tema for samlinga er:

- korleis kan vi samarbeide
- skal vi vera fleire lokallag eller skal vi slå oss saman
- kva bør det nye helsehuset i nordhordland ha av tilbod til brukarar og pårørande?

Lokallaget si framtid

I løpet av 2015 skal me ha eit internt møte med alle medlemmer. Avklare kor vi står og vegen vidare. Kva skal til for å drive laget vidare ?

Budsjett 2015

Egenkapital 01.01.15

Kontant	kr 6 031,00
Bank	kr 36 218,78
Sum	kr 42 249,78

En del av egenkapitalen må stå urørt til bruk neste år før midler kommer fra kommunene.

Inntekter

Austrheim kommune	kr 20 000,00
Radøy kommune	kr 15 000,00
Mental Helse Hordaland	kr 7 000,00
Renter	kr 150,00
Egenandel medlemmer	kr 6 000,00
Del av egenkapital	kr 11 900,00
Sum	kr 60 050,00

Utgifter

Kontor	kr 2 000,00
Gebyr bank	kr 50,00
Sosial aktiviteter	kr 30 000,00
Kurs/Seminar/Foredrag	kr 20 000,00
Kompensasjon: Tapt lønn, diett, reiseutlegg	kr 8 000,00
Sum	kr 60 050,00

Handlingsplan

- "Arbeide meir på systemnivå for å sikre brukarane eit forutsigbart system
- "Ta opp igjen sosiale møter for medlemmene
- "Motivere medlemmane til å delta på ulike aktivitetar utanfor psykiatrien.
Vere med på ein aktivitet, i eit lag eller eit kurs som ikkje har noko med psykiatri å gjera..."
- "Påvirke i ft økonomi og budsjett- delta i budsjettforhandlingar
- "Meir samarbeid på tvers av kommunane, eks foredrag, faste årlege møter
- "Ha to sosiale samlingar i regi av MHRA i året, julebord og sommartur
- "Verve fleire medlemmar, bruke media, brosjyrer og samarbeid med psyk
- "Styremedlemmar på kurs/ seminar
- "Helgeseminar for alle Mental Helse-laga i Nordhordland, Pårørandeforeningen i Nordhordland og FFO Nordhordland